



10. Lena Bakke Handelan, 1995, Lid



11. Bjarne Andreas Helvik, 1998, Valevåg



12. Hege Hobberstad Vigre, 1995, Lid



13. Vidar Høyland, 1976, Valevåg



14. Ole Andreas B. Ljøen, 1999, Auklandshamn



15. Ole Mikal Lokna, 1976, Bua.



16. John Tore Mølstre, 1992, Vikse



17. Brit Oddrun Stuve, 1967, Bua.



18. Arne Valen, 1955, Lid



19. Solfrid Aasen, 1956, Førde



## VALPROGRAM FOR SVEIO SENTERPARTI 2019 - 2023



Norsk mat er trygg mat! Nær folk! Nei til salg av Noreg!



Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå. Me kjempar for eit samfunn med frie sjølvstendige menneske som tek ansvar for eige liv, for fellesskapet, og for naturen og miljøet.

#### Omsorg:

Det skal utviklast gode dagtilbod for personar med funksjonshemmning, eldre, demente og psykisk sjuke. Senterpartiet skal vere ein pådrivar for at me skal skape eit funksjonelt aktivitetshus for personar som treng dagtilbod etter endt skulegang. Me skal halde fram med å gi gode heimebaserte tenester i kommunen, slik at folk kan bu heime lengst mogleg. Det er viktig at flyktningane vert godt integrerte i kommunen, og at ein skaper gode og meiningsfulle liv for dei. Dei må gjerast i stand til å stå på eigne bein når integreringsprogrammet er avslutta. Prøveprosjektet med ny grunnbemannning ved Sveio Omsorgssenter må halde fram på det nivået som er no. Dette gir eit godt tenestetilbod for brukarane, god drift og eit godt arbeidsmiljø med lågt sjukefrån.

#### Oppvekst:

Skulestrukturen skal vere slik den er i dag. Senterpartiet skal vere ein pådrivar for trygge skulevegar. Senterpartiet skal arbeide for god barnehagedekning i heile kommunen. SFO skal vere eit tilbod med aktivitet og leik for alle i småskulen, det skal vere god kvalitet og eit godt pedagogisk tilbod. Senterpartiet skal arbeide for meir integrering av Kulturskulen og idrettsaktiviteter i SFO dagen. Ein skal arbeide aktivt for å styrke det psykososiale miljøet i skulen med tiltak mot mobbing. Senterpartiet vil prioritere tiltak for å bekjempe barnefattigdom, tiltak som gir alle lik moglegheit til å delta i aktivitetar. Det skal vere eit mål at alle barn i grunnskulen skal delta i minimum ein fritidsaktivitet.

#### Utvikling:

Sveio kommune er ein god kommune å bu i med korte avstandar til det meste. Ein kommune med mykje fin natur og gode lokalsamfunn. Senterpartiet vil ha utvikling i heile kommunen, skal me få til det må me ha eit godt utbygd sentrum, men og muligheter for å utvikle bygdene rundt om i kommunen. Derfor skal det og vere mogleg å bu sprett utanfor byggjefelt. Senterpartiet vil ha levande bygder og ser på eit aktivt landbruk som ein viktig bidragsytar for å oppnå dette. Ei strengare handheving lokalt av konsesjonslova og bu- og driveplikta av landbrukseigedomar er eit viktig verkmiddel. Dette vil sikra landbruksareal i drift, kulturlandskapet og fast busetnad i heile kommunen. Det er svært viktig å oppretthalde eit landbruk som gir oss rein og trygg mat. Norsk matproduksjon bør vere ein del av kommunens miljø og beredskapsplan.

Alle i Sveio skal ha tilgang på god infrastruktur som breidband og

gode vegar. Ein må jobba opp mot fylket for å betre kollektivtilboda med til dømes «HentMeg»-konseptet. Senterpartiet vil arbeide for ein plan for oppgradering av det kommunale vegnettet til ein akseptabel vegstandard. Det skal vere eit mål å tilby kommunalt vass- og avløpsnett til alle. Fylkesvegane i Sveio treng sårt utbetring og Senterpartiet vil påvirke fylkeskommunale myndigheter for å framskunde prioritere dette arbeidet. Vidareføring av arbeidet med utbetring av vegen Bua – Sveio skal ha høg prioritet.

Sveio kommune skal legge til rette for næringsutvikling, rådgjeving og god arealplanlegging for utvikling av næringslivet. Aksen langs E39 fra Haukås til Sundfør kan egna seg svært godt til næringsformål, korte avstandar til Haugalandet og midt mellom Stavanger og Bergen.

Sveio skal tilby læreplassar, Senterpartiet vil arbeide for å opprette fleire slike opplæringsplassar for ungdom i kommunen.

Sjø og strandsona er verdifull for Sveio, og Senterpartiet meiner at denne må utnyttast både til næring og friluftsliv med øyremerka midler frå Havbruksfondet.

#### Frivillighet – trivel og fellesskap:

Senterpartiet vil ha fokus på kultur og frivillig innsats. Frivillig sektor er ein viktig samarbeidspartner for integrering, folkehelse og kulturtild.

Senterpartiet vil legge til rette for at flest mogleg av befolkninga skal kunne bidra som enkeltmenneske eller gjennom lag og organisasjoner i arbeidet med det gode liv i Sveio.

Senterpartiet vil sikre at frivillig sektor møter ein tilgjengeleg, forutsigbar og imøtekommende kommune.

Kommunen må støtte opp om det frivillige kulturarbeidet som er. Det er viktig å halde fram med det gode arbeidet med å merke turløyper og tilrettelegge stiar også for folk med funksjonshemmning slik at alle kan komme seg ut i naturen. Senterpartiet skal fortsatt støtte opp om det gode arbeidet Sveio Frivilligsentral gjer. Senterpartiet vil følgje opp intensjonane i Frivilligplanen.

Det er viktig å skape gode møteplassar for ungdom, og lage aktivitetar også for dei som ikkje driv med organisert aktivitet og idrett.

#### Miljø:

Det er eit mål at mest mogleg av energien me brukar er fornybar. Senterpartiet skal vere ein pådrivar for å gjøre Sveio til eit grønare samfunn. Me må ta vare på naturen vår og legge til rette og støtte opp om private initiativ som til dømes strandrydding.

Me skal arbeide for å redusere «bruk og kast»-mentaliteten ved å satse meir på vedlikehald og gjenbruk på kommunale eigedomar. Senterpartiet vil prioritere etablering av hurtigladestasjonar for el-bil i Sveio.

**“Mindre bruk og kast.”**

**“Verdsetting av frivillig innsats.”**

## LISTE OVER KANDIDATAR:



1. Brit Elin Hovda Mølstre, 1969, Vikse



2. Steinung Askeland, 1959, Førde



3. Monica V. Valen, 1983, Valevåg



4. Ole Velde, 1982, Auklandshamn



5. Andreas Sirevaag, 1979, Valevåg



6. Mathias Vikse, 1957, Sveio



7. Dagfinn Bjørge, 1961, Auklandshamn



8. Kristian Eilerås, 1975, Lid



9. Annlaug Fludal, 1960, Sveio

